



AURLAND KOMMUNE

Forslag til reguleringsføresegner for E16 Nærøydalen

Jf. Plan- og bygningslova (pbl. kap. 12). Datert 15.11.2016.

Planid. Aurland kommune: 2016004

§ 1 Planen si avgrensing

- Planen si avgrensing er vist på teikningane R09–2–R15.
- Planen har to vertikalnivå: 1) Under bakken og 2) På bakken
- Kartprojeksjonen er Euref 89, sone 32.

§ 2 Reguleringsformål, omsynssoner og føresegsområde

Areala i planområdet har følgjande reguleringsformål, omsynssoner og føresegsområde (jf. Pbl. §§12–5, 12–6 og 12–7):

1) Bygningar og anlegg (Pbl. §12–5, nr. 1)

Næring	N (1300)
--------	----------

2) Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (Pbl. §12–5, nr. 2)

Køyreveg	SKV (2011)
Fortau	SF (2012)
Annan veggrunn – teknisk anlegg	SVT (2018)
Annan veggrunn – grøntareal	SVG (2019)
Haldeplass / plattform	SH (2025)
Busshaldeplass	SKH (2073)

3) Grøntstruktur

Turveg	GTD (3031)
--------	------------

4) Landbruks-, natur- og friluftsmål (Pbl. §12–5, nr. 5)

Landbruks, natur- og friluftsmål LNFR	(5100)
Naturformål	LNA (5120)
Naturvern	LNA (5300)

5) Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (Pbl. §12–5, nr. 6)

Bruk og vern av vassdrag	V (6001)
--------------------------	----------

6) Omsynssoner (Pbl. §11–8, jf. §12–6)

a) Sikringssoner

Sikringssone tunnel	(H190)
---------------------	--------

b) Faresone

Ras- og skred	(H310)
Flaum	(H320)
Høgspenningsanlegg	(H370)

c) Sone med angitte særlige omsyn

Bevaring naturmiljø	(H560)
---------------------	--------

7) Føresegsområde (Pbl §12–7)

d) Midlertidig anleggsområde



§ 3 Felles føresegner

§ 3.1 Byggegrense

Byggegrensa langs riksveg og fylkesveg er 50 meter, og byggjegrænse for kommunal veg er 15 meter jf. Lov om vegar §29.

Byggegrense på næringsområde mot elv vert i tråd med 200-års-flaumen. Det er ikkje tillate å sette opp bygningar nærare elva enn byggegrensa viser.»

§ 3.2. Kulturminne

Dersom det i samband med anleggsarbeidet vert oppdaga automatisk freda kulturminne, må arbeidet stoppast. Sogn og Fjordane fylkeskommune skal då varslast, jf. Kulturminnelova § 8, 2. ledd.

§ 3.3 Utforming og estetiske krav

Arkitektonisk heilskap skal vektleggast. I dette ligg også grep knytt til ny terreng-/landskapsforming og revegetering. Arkitektonisk utforming av nye element og tiltak skal tilpassast landskapet, og understreke landskapet sine kvalitetar og verdiar.

Utforming og materialval knytt til tekniske anlegg og -element, skal gå fram av ein formingsrettleiarsom vert utarbeidd under byggeplanlegginga. Alle inngrep som vert gjort i samband med veganlegget skal vurderast opp mot kringliggande terreng og landskapselement. Terrenghandsaming skal gjerast ferdig samstundes med resten av anlegget. § 3.4 Universell utforming

Gang-/sykkelveg, busshaldeplassar og fortau skal oppfylle krav til universell utforming (tilgjenge for alle).

§ 3.5 Støy

Klima- og miljødepartementet sine retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegginga skal leggest til grunn for tiltak (jf. rundskriv T-1442/2012). Det vil sei L_{den} 55dB støynivå på ute-oppholdsareal og utanfor vindauge til rom med støyfølsam bruk, og L_{5AF} 70 dB støynivå utanfor soverom, natt kl 23-07. Endeleg plassering og utforming av støyskjermingstiltak vert avklara i byggeplan.

§ 3.6 Ureining av vatn og jord

Driftsvatn frå tunnelldrivinga, og driftsvatn som skal brukast ved seinare vedlikehald av tunnelen skal reinsast og resirkulerast for å minimere utslepp i vassdraga. Avrenning frå anleggsarbeidet skal ikkje skade anadrom fisk i vassdraga. Utslepp i anleggs- og driftsfasen er søknadspliktig, og vert avklara etter ureiningslova.

Stadeigen jordmasse skal ivaretakast og helst nyttast innan planområdet.

Det må ikkje tilførast jordmasse som inneheld framande skadelege planteartar.

§ 3.7 Ytre miljø

Omsynet til ytre miljø, og då spesielt dei føringane som er omtala i tabell 4.15 Føringar for Ytre miljøplan i planomtalen skal sikrast i arbeidet med byggeplanar og utbygging av veganlegget. Dette gjeld føringar for kulturminne og kulturmiljø, landskapsbilete, nærmiljø- og friluftsliv, naturmangfald, naturressursar, ureining og støy. Rigg- og marksikringsplan skal utarbeidast.



§ 3.8 Rekkefølgekrav

Ved arbeid nært opp til omsynssona for kraftleidningar (15 meter frå ytterkant av omsynssona) skal kraftverket kontaktast. Eventuelt mellombels omlegging av kraftlinjene må òg avklarast.

§ 3.9 Undersøkingsskrav

Det skal utarbeidast eit overvakingsprogram for Nærøydalselvi. Status for vasskvalitet, gyte- og oppveksområde skal undersøkast før, undervegs- og etter anleggsarbeidet.

§ 3.10 Byggeplan

Før anleggsstart skal det utarbeidast byggeplanar for vegar med sideareal. Byggeplanen skal også vise:

- terrenghandsaming
- tilbakeføring, istandsetting og revegetering av sideareal for midlertidig rigg og anleggsområde
- omsyn til overflatevatn og eksisterande drensssystem
- rigg- og marksikring
- estetisk utforming av grøntareal med bruk av landskapsarkitekt/arkitekt

§ 3.11 Plan for trafikkavvikling

Før anleggsstart skal det utarbeidast plan for korleis trafikken skal avviklast gjennom byggeperioden.

§ 3.12 Informasjon

Grunneigarar og berørte naboar skal informerast om byggeplan og planlagt anleggsaktivitet knytt til veganlegg, rigg- og deponiområde i god tid før oppstart av arbeid i terrenget.

§ 4 Bygningar og anlegg

Næring

I anleggsperioden kan næringsområdet ved Holmen brukast som mellombels rigg- og anleggsområde.

§ 5 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

§ 5.1 Offentleg køyreveg (o_SKV)

Offentleg køyreveg skal opparbeidast i samsvar med lineføring og breidde slik det går fram av planteikningane. Høgder går fram av plan- og profildeikningane.

§ 5.2 Felles køyreveg (f_SKV)

Felles køyrevegar er privateigde vegar som er felles for dei eigedomane som har tilkomst frå vegen. Vegane skal opparbeidast i samsvar med lineføring og breidde slik det går fram av planteikningane. Høgder går fram av plan- og profildeikningane.

Nye køyrevegar er merka med løpenummer på plankartet, og sikrar tilkomst til følgjande område/eigedomar:

f_SKV_1: Ny tilkomst til området sør for ny E16

f_SKV_2: Tilkomst til eigedomane 60/14, 60/2 og 60/1



§ 5.3 Private køyreveggar (a_SKV)

Private avkøyrslar og driftsveggar sikrar tilkomst til eigedomane dei fører til, og skal opparbeidast i samsvar med lineføring og breidde slik det går fram av planteikningane. Høgder går fram av plan- og profildeikningane.

§ 5.4 Fortau (o_SF)

Offentleg fortau skal opparbeidast med plassering og breidde slik det går fram av planteikningane.

§ 5.5 Anna veggrunn – teknisk anlegg (o_SVT)

Anna veggrunn – teknisk anlegg er areal for å sikre tekniske anlegg på bakken og i tunnel. Det er ikkje løyve til å gjere inngrep i dette arealet som skadar eller endrar tekniske anlegg eller tunnel.

Ved tunnelmunninga ved Hylland skal det etablerast oljeutskiljar og sedimentasjonsbasseng under bakken for tunnelvaskevatt.

Innafor områda kan det oppførast vegskilt, lysmaster og andre innretningar for drift og vedlikehald av veganlegget. Det kan byggjast master med antenner for telekommunikasjon med tilhøyrande anlegg sør for tunnelen. Områda skal opparbeidast på ein estetisk god måte, i samsvar med byggeplan §3.1.

§5.6 Anna veggrunn – grøntareal (o_SVG)

Anna veggrunn – grøntareal er offentlig veggrunn som sikrar offentlig veg. Områda kan nyttast til skjeringar, fyllingar, rekkverk, murar og grøfter. Arealet kan i anleggsperioden nyttast til riggområde, mellombelse anleggsveggar og mellombels massedeponi.

Det er ikkje løyve til å gjere inngrep i desse areala som skadar eller endrar det offentlege vegarealet.

Det vert lagt til rette for å etablere eit turveg/sti frå kulvert ved tunnelpåhogget ved Hylland til rasvollen i aust. Turvegen skal vere 1 meter brei, og ha naturleg revegetering.

§ 6 Landbruks-, natur- og friluftslivsformål (LNF)

§ 6.1 Landbruks, natur- og friluftsområde (LNFR)

Området er regulert til landbruk, og sikrar dagens bruk av områda.

Areal merkt og avsett med områdeføresegner kan midlertidig nyttast til rigg, anleggs- og midlertidig deponiområde, jf. § 10.

Det vert lagt til rette for å etablere eit turveg/sti ved Hylland, jf. punkt 5.6.

§ 6.2 Fanggjerde og hjortegjerde

Det skal sikrast trygg passasje for beitedyr og vilt ved at det vert sett opp hjortegjerde som vist i plankartet ved Hylland. Det skal òg setjast opp fanggjerde i området. Oppsetjinga skal gjerast på ein skånsam måte

6.3 Naturformål (LNA)

I område LNA1 langs Nærøydalselvi skal inngrep unngåast slik at kantvegetasjonen langs elvi vert ivareteken.



§ 7 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhørende strandsone

Nærøydalselvi og tilhørende nedslagsfelt er varig verna vassdrag. Det er ikkje løyve til å gjere inngrep ved eller ut i vassdraget ut over det som går fram av punkt 7.1.

7.1 Bruk og vern av vassdrag (V)

I område V3 i/ved Nærøydalselvi kan gjerast nødvendige tiltak for å sikre stabiliteten til vegskråninga. Tiltaka skal gjennomførast så skånsamt som mogeleg.

I område V4 skal det byggjast mur langs bekken Vetlavotni. Tiltaket skal gjennomførast skånsamt, og med minst mogeleg inngrep ut i bekken. Bekken skal ha same form og breidde som i dag, med stadeigne massar i botnen tilsvarande dei som er der i dag.

I område V5 skal bekken Vetlavotni krysse i betongrøyr under E16, og på slik måte av fisken si vandring vert ivareteken. Nødvendige tiltak skal gjennomførast skånsamt.

I område V6 skal det byggjast flaummagasin i Fossagrovi. Magasinet skal liggje 2 meter under vegbana til E16, og kan ha maksimum storleik som vist i plankartet. Fossagrovi skal krysse i kulvert under E16.

§ 8. Bandlegging etter lov om naturvern (H720)

Naturvern (LNA)

Områda LNA2 og LNA3 og LNA4 inngår i Nærøyfjorden landskapsvernområde. I anleggsperioden skal vernegrensa, der det er fysisk mogeleg, markerast fysisk med gjerde, band eller liknande.

I område LNA2 er det ikkje løyve til å gjere tiltak.

I område LNA3 kan det gjerast tiltak for å sikre mot rasfare. Arbeidet skal gjerast ved manuell sikring, og med minst mogeleg inngrep. Sikringstiltak er reinsking av lause massar, og bolting. Farge på boltane skal tilpassast farge på bergveggen. Det kan òg setjast opp fanggjerde. Fanggjerdet skal plasserast slik plankartet R14 viser. Oppsetjing av gjerdet skal gjerast med minimum av inngrep og ved manuell oppsetjing. Fanggjerdet skal fjernast etter anleggsarbeidet er avslutta.

I område LNA4 kan det gjerast nødvendige inngrep for å bygge forskjæring til tunnel og portal. Eventuell sprenging i og nær området skal skje varsamt, for å avgrense inngrep.

§ 9 Omsynssoner

Sikringssoner

§ 9.1 Sikringssone tunnel (H190)

Tiltak som kan forringe tunnelen sin stabilitet, skade tunnelen eller tunnelinnreiinga (for eksempel sprengning, peleramming, spunting, boring i grunnen, sjakt- og tunneldriving, injeksjon, større utgravningar, fundamentering eller påføring av tilleggslastar) kan ikkje iverksetjast utan løyve frå Statens vegvesen. Sikringssona er 50 meter til kvar side, 50 meter oppover og 50 meter under tunnellopa i hele tunnelen si lengd.

Faresoner

§ 9.2 Ras- og skredfare (H310)

Fareområde H310_1 er aktsemdsområde for snø- og steinskred, og aktsemdsområde jord- og flaumskred. Innafor fareområdet er tiltakshavar



ansvarleg for å dokumentere at området er sikra mot ras før nye tiltak kan setjast i verk.

§ 9.3 Flaumfare (H320)

Det er ikkje tillate å oppføre bygningar eller konstruksjonar i faresona utan at desse er dimensjonerte for å tåle ein 200-års flaum (+40%).

§ 9.4 Høgspenningsanlegg (H 370)

Dersom arbeid skal gjerast nærare enn 30 meter frå høgspenst luftlinje skal arbeidet utførast med varsemd og e-verket varslast.

Sone med angitte særlege omsyn

§ 9.5 Bevaring naturmiljø (H560).

H560_1 Nærøydalselvi og tilhøyrande nedslagsfelt er varig verna vassdrag. Det er ikkje løyve til å gjere tiltak i området som kan skade elvi eller kantvegetasjon langs elvi.

§ 9.6 Bevaring kulturmiljø (H570)

H570_1 Det er ikkje løyve til å gjere tiltak i området som kan skade Kongevegen. Arealet skal merkast fysisk med gjerde, band eller liknande.

H570_2 Det er ikkje løyve til å gjere tiltak i området som kan skade Kongevegen. Reinskingsarbeid ved eventuell nedfall av stein skal gjerast manuelt, og med minst mogeleg skade på vegen.

§ 10. Føresegnområde

§ 10.1 Midlertidig anleggsområde

Områda kan nyttast til rigg, anleggs- og midlertidig deponiområde. Dette omfattar riggområde, oppsetjing av mellombels bygningar og anlegg, mellombels lagring av massar, mellombelse vegar m.m.

Når områda vert tekne i bruk skal dei sikrast på forsvarleg måte. Rigg- og anleggsområda skal framstå ryddige og vere til minst mogeleg sjenanse for omgjevningane. Utslepp av skadelege stoff, tilslamming eller avrenning frå anleggsarbeidet til vassdraga skal ikkje skje, jf òg punkt 3.6.

Før areala vert tekne i bruk skal toppjordlaget takast av og leggast i mellombels deponi for attendeføring til areala. Areal skal når anleggsarbeidet er over så langt det er mogeleg, tilpassast omkringliggjande terreng, og ivareta den landskapsforma som er der i dag.

Innan 1 år etter at veganlegget er opna for trafikk skal områda vere tilstelt i tråd med byggeplan. Midlertidig anleggsområde opphøyrer etter 1 år, eventuelt tidlegare dersom kommunen får melding frå vegvesenet om at anleggsarbeidet er ferdigstilt før.